



Lindås Skyttarlag
Øksnesvegen 76
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2024 - 19/16477

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
27.05.2019

Utsleppsløyve til tett tank - gbnr 104/60 Haukås (Lindås)

Administrativt vedtak: **Saknr: 308/19**

Byggestad: Gbnr: 104/60
Tiltakshavar: Lindås Skyttarlag
Ansvarleg søkjar: Kaland Trelast AS
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for standplassbygget til Lindås skyttarlag på gbnr 104/60 . Det er søkt om utslepp til tett tank av både svart og grått vatn. Det skal ikkje installerast dusj eller vaskemaskiner. Det er levert ei stipulert utrekning av avløpsmengd i løpet av eit år, og ifølgje denne er tanken er rikeleg dimensjonert i forhold til estimert volum pr år.

Det vert elles vist til søknad mottatt 28.04.2019.

Planstatus

Kommuneplan 2011-2023 gjeld for dette området. Arealføremålet er idrettsanlegg – skytebane.

Nabovarsel

Avløpsanlegget er ikkje nabovarsla særskilt, men oppføring av standplassbygget er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Samtykke frå eigar av gbnr 104/60 er lagt ved søknaden

Passering

Plassering av anlegget er vist i kart mottatt 28.04.2019.

VURDERING

Det er langt til offentlig kloakkanlegg i området. Tilknytning vil kosta 6-700.000, i følgje søkar.

Utslepp til tett tank vert vanlegvis ikkje godkjend. I dette tilfelle finn likevel kommunen, etter ei konkret vurdering, at søknaden om utsleppsløyve kan godkjennast slik han ligg føre når det vert sett krav om at tanken skal ha alarm som varslar i god tid før tømning er nødvendig og stenger for tilførsel av vatn.

Kommunen har i vurderinga av søknaden lagt vekt på at sesongen når anlegget er i bruk er kort, og at talet på brukarar er lite. Det er vidare lagt vekt på at det ikkje er kommunalt avløpsanlegg i nærområdet og at tett tank ikkje vil gje avrenning til området.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avløpsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20. Anlegget inngår i søknaden om oppføring av nytt standplassbygg.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 28.04.2019.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for nytt standplassbygg på gbnr 104/60 på følgjande vilkår:

- 1. Alt utslepp frå vask og toalett skal førast i tett leidning til tett tank på 4 m³.**
- 2. Tanken skal ha alarm som varslar i god tid før tømning er nødvendig.**
- 3. Ved alarm skal vasstilførsel stengast automatisk.**
- 4. Dokumentasjon for gjennomført tømning skal sendast kommunen.**
- 5. Det skal dokumenterast avtale om tømning før ferdigattest for anlegget vert gitt.**
- 6. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.**
- 7. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avløpsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**
- 8. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klagt på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avløpsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2024

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kaland Trelast AS	Keilevegen 45	5953	FONNES
Kaland Trelast AS	Keilevegen 45	5953	FONNES
Lindås Skyttarlag	Øksnesvegen 76	5943	AUSTRHEIM

Mottakarar:

Lindås Skyttarlag	Øksnesvegen 76	5943	AUSTRHEIM
-------------------	----------------	------	-----------

